



**Bunad- og folkedraktrådet** er ein nasjonal faginstusjon i Valdres, som arbeider for å fremje kunnskap om folkedrakt og bunad som kulturuttrykk, samt bruk og tilverking av desse drakttypene. Bunad- og folkedraktrådet har som oppgåve å drive forskning, dokumentasjon og formidling innan det folkedrakt- og bunadfaglege området.

[www.bunadraadet.no](http://www.bunadraadet.no)



**NTNU** har eit stort og variert tilbod innan etter- og vidareutdanning. Opptak og informasjon om ulike studium og emne ved NTNU Videre finnes på [http://videre.ntnu.no/pages/enkeltkurs/andre\\_fag/](http://videre.ntnu.no/pages/enkeltkurs/andre_fag/) Emnet Drakt og Samfunn 1 og 2 ligg faglig under NTNUs Institutt for musikk, Norsk senter for folkemusikk og folkedans.

Ved NTNU kan du ta fleire universitetsemne som kan settes saman til ein grad, for eksempel til ein bachelor- eller mastergrad. Du kan byggje vidare på den utdanninga du allereie har, eller utvide ditt kompetanseområde ved å ta heilt nye emne.

**Saman kan vi tilby høgare utdanning innan folkeleg drakttradisjon. Studia kan gå inn i ein universitets- og høgskoleutdanning, men er også tilpassa vaksne som ikkje er del av eit formelt utdanningsystem.**

[www.ntnu.no/videre](http://www.ntnu.no/videre)

Interessert i drakthistorie, folkedrakt og bunad?  
Søk delfaget

# Drakt og samfunn



Drakt og samfunn 1 og 2 (30 studiepoeng kvar) er særnemne innan den kulturhistoriske og kulturteoretiske fagkrinsen som gjev basiskunnskap om lokale og folkelege drakttradisjonar i Noreg

Studiet er eit samarbeid mellom:  
**Norges Teknisk - Naturvitenskapelige Universitet**  
og **Bunad- og folkedraktrådet**

## Emna Drakt og samfunn I og 2 vert arrangert av Bunad- og folkedraktrådet i samarbeid med Musikk - vitenskapelig Institutt, NTNU.

Emnet for faget er draktskikk og bunad i eit vidt perspektiv, og omfattar både ei innføring i drakthistoriske emne, og ser drakt i høve til andre generelle, kulturelle og samfunnsmessige forhold. Kunnskap om dei tradisjonelle folkedraktene i ulike distrikt utgjer grunnlaget for vidare innføring i dei ulike formene for fornying av drakttradisjonane som har funne stad gjennom arbeidet til bunadsrørsla i det 20. hundreåret.

Emnet gir ei fordjuping innan draktforskning, med vekt på folkedrakttradisjonar og endringsprosessar i desse. Studentane lærer å bruke stilhistoria som eit reiskap i metodisk arbeid, samt å bruke ulike teoretiske perspektiv på draktmaterialet

Gjennom grunnleggande fagkunnskap og teoretiske perspektiv, skal studentane skaffa seg ei heilskapleg forståing om ulike sider ved emnet drakt. Studentane skal øvast opp i ulike metodar for analyse og dokumentasjon. Sentralt står kjeldekritiske vurderingar, og tolking og kombinasjon av ulike typar kjelder.

Drakt og Samfunn er delt opp i to emne, D & S I og 2, der D & S 2 bygger vidare på D & S I med teoretisk fordjuping. Emna utgjer kvar for seg 30 studiepoeng. Begge emna har tre obligatoriske vekesamlingar i løpet av eit år, to på Fagernes, og ei i Oslo. Emna har begge studiestart hausten 2009.

### Eksamen:

Mappeevaluering.

### Kursavgift:

Kr. 5500\*,-  
Semesteravgift p.t. kr 400,-

### Søknadsfrist:

**1. juli 2009**

### Kontaktperson:

**NTNU VIDERE**

Mette Larsson  
Telefon: 73 59 53 44  
[mette.kristi.larsson@ntnu.no](mailto:mette.kristi.larsson@ntnu.no)

### Bunad- og folkedraktrådet

Camilla Rudrud  
Telefon 61 36 62 55  
[camilla.rudrud@bunadraadet.no](mailto:camilla.rudrud@bunadraadet.no)

### Fagansvarleg:

Egil Bakka NTNU  
Telefon 73 59 65 75  
[egil.bakka@hf.ntnu.no](mailto:egil.bakka@hf.ntnu.no)

\* inkl.kompendium

## Søknadsskjema Drakt og samfunn

Søknaden er bindande

Etternamn \_\_\_\_\_

Fornamn \_\_\_\_\_

Fødselsnr ( **NB! I I siffer**) \_\_\_\_\_

Gateadresse \_\_\_\_\_

Postnummer \_\_\_\_\_ Poststad \_\_\_\_\_

Telefon \_\_\_\_\_ E-post \_\_\_\_\_

Arbeidsstad \_\_\_\_\_

Gateadresse \_\_\_\_\_

Postnummer \_\_\_\_\_ Poststad \_\_\_\_\_

Telefon \_\_\_\_\_ Telefaks \_\_\_\_\_

Fakturaadresse  Privat  Bedrift

For kurs med studiepoeng blir du automatisk oppmeldt til eksamen:

Eg ønskjer å ta eksamen og lover å rette meg etter dei reglar som gjeld for studentar med eksamenstilgang ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU):

- Eg ettersender attestar og kopiar av vitnemål/ immatrikuleringsbevis til NTNU-videre som syner at eg fyller opptakskrava til kurset.
- Eg er immatrikulert/opptatt ved NTNU
- Eg søker om opptak på grunnlag av realkompetanse.

**Søknaden sender du til NTNU-VIDERE, Pav. A, Dragvoll, 7491 Trondheim, eller via vår nettside: [www.ntnu.no/videre](http://www.ntnu.no/videre)**

